


Musikalsk rundebordskonferanse



Jazz

Thomas Dahl & Court:

Quilter

Thomas Dahl, gitar; Harmen Fraanje, piano; Magne Thormodsæter, bass; Håkon Mjåset Johansen, trommer. LOSEN RECORDS LOS 212-2

Bergensgitaristen Thomas Dahl (45) har vore med på mest 70 innspelingar. Tida var såleis overmogen for plate i eige namn. Dahl kunne gjerne hatt namnet sitt på platene med Krøyt, Skydive Trio og

BMX som jamning når det gjeld musikalske bidrag. Også på *Quilter* er det den flate strukturen som gjeld. Dahl er komponist av dei åtte låtane, elles er det fri musikalsk samtale som er idealet.

Samtale

Den musikalske samtalen kan ha ulike inngangar og ta uventa retningar. Komposisjonane er varierte og har sjølvstekt kvalitetar i seg sjølve, men også den funksjonen at dei gjev den musikalske samtalen retning. Opningslåten «Hermit» er eit glitrande døme. Her byggjer låten seg opp rundt ein bassfigurintrodusert solo av Thormodsæter. Dahl serverer temaet, og Fraanje og Johansen kommenterer – etter kvart ganske fritt assosierende. Den raske «A Wall» har ein meir konvensjonell struktur med lange solistiske strekk av både Dahl og Fraanje. Det skjer frå tid til anna at gitar og piano kan koma i vegen for kvarandre i lydbiletet, men det skjer definitivt ikkje her. Dahl skal ha ein stor del av æra for det.

Utsøkt

Thormodsæter og Johansen er eit komp-radarpar som både Svein Olav Herstad og Eivind Austad dreg vekslar på. Her er dei betre enn nokon gong. Ein kan eigentleg visa til alle låtane på plata, men på høgdepunktet, balladen «Ballestre», syner dei oss heile paletten. Her får Thormodsæter også gje til beste eit basskor til ettertanke. I same låt serverer Dahl ein aldeles utsøkt gitarsolo. Dette er makelaust bra. Akkurat som venta.

Lars Mossefinn

Lars Mossefinn er lærar ved Voss gymnas og fast jazzmeldar i *Dag og Tid*.